



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	11.09.2025
Møtetid:	15:00 - -17:45
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Frank Erik Øksnes	medlem	U	
Morten Sognnes	ordfører	H	
Hege Ramsland	medlem	H	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Kristoffer Myklebusthaug	medlem	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Monika Thorpe	medlem	AP	
Reidar Ulvøy	medlem	AP	
Renee Hansen Semmingsen	medlem	SAM	
Ingeborg Lohne Hordvik	medlem	SAM	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	
Reidar Øksnes	medlem	SP	
Gro Kaland	medlem	SP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Ann Kristin Leirvåg	MEDL	AP
Anette Kaland	MEDL	AP
Odd-Marthin Totland	MEDL	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Katrine Berge Longva		AP	Vara for Anette Kaland
Magnus Kvingedal		H	Vara for Odd-Marthin Totland
Sjur Brandtun		AP	Vara for Ann Kristin Leirvåg

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore

møtesekretær

Trine Merete Jansen

kommunalsjef

Bjarte Rosenlund

kommunalsjef

Anne Hildegunn Færøy

kommunalsjef

Asbjørn Nagell Toft

plansjef

Atle Vaage

sakshandsamar

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 56/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 11. september 2025	
PS 57/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå 19. juni 2025	
PS 58/2025	Referatsaker til kommunestyremøtet 11. september 2025	
RS 32/2025	Kommunebarometeret 2025 - Austrheim på 195. plass av 354 kommunar	
RS 33/2025	Prosjektskjøn - skjønsmidler til fornying og innovasjon i kommunane 2026	
RS 34/2025	Rettslege rammer for innbyggerpanel etter kommunelova	
RS 35/2025	Ein inkluderande kommunepolitikk - hefte frå Norsk Handikapforbund	
RS 36/2025	Vedtak om godkjenning av registrering som stiftelse i stiftelsesregisteret - Mongstadbadet, org nr 935 927 331	
RS 37/2025	Ny rapport fra Ukom - "Trygg pasientbehandling krever et åpent ytringsklima"	
RS 38/2025	Vestlandsrevisjon IKS - Møteutskrift representantskap 20.6.2025	
RS 39/2025	Stoppestadnamn i kommunane Bergen, Stryn og Austrheim – endringar vedtekne i fylkeskommunen i januar 2025	
RS 40/2025	Protokoll frå styremøte 21.03.2025 - IUA Bergen region KO	
RS 41/2025	Protokoll fra styremøte 10. juni 2025 - IUA Bergen region KO	
RS 42/2025	Årsrekneskap for stiftinga Lyngheisenteret - signert	
OS 4/2025	Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 11. september 2025	

OS 5/2025	Orienteringssak - Oversikt godtgjering til dei folkevalde
OS 6/2025	Orientering - arbeidet med å henta inn meir til utlån som startlån
PS 59/2025	Uttale til "Høyring av endring i plan- og bygningslova - forbod mot nedbygging av myr"
PS 60/2025	Re-taksering av grunnlag for eigedomsskatt
PS 61/2025	Skulerute for skuleåret 2025-2026
PS 62/2025	Godkjenning - Smittevernplan Austrheim kommune 2025 - 2030
PS 63/2025	Låneopptak investering
PS 64/2025	Val av medlemmer til Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt - frå 1.1.2026
PS 65/2025	Val av medlemmer til Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt - frå 1.1.2026
PS 66/2025	Val av kontrollutval - skifte av eitt medlem
PS 67/2025	Tilsetting av ny kommunedirektør

PS 56/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 11. september 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 56/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 11. september 2025
Kommunestyret - 11.09.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 56/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 11. september 2025
Kommunestyret - 11.09.2025

Innkalling og sakliste vert godkjent.

PS 57/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 19. juni 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokoll frå 19. juni 2025 vert godkjent.

Sak 57/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 19. juni 2025
Kommunestyret - 11.09.2025

Handsaming:

Ordfører Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 57/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 19. juni 2025

Kommunestyret - 11.09.2025

Møteprotokoll frå 19. juni 2025 vert godkjent.

PS 58/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 11. september 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert teke til vitande.

Sak 58/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 11. september 2025

Kommunestyret - 11.09.2025

Handsaming:

Ordfører Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 58/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 11. september 2025
Kommunestyret - 11.09.2025

Referatsakene vert teke til vitande.

RS 32/2025 Kommunebarometeret 2025 - Austrheim på 195. plass av 354 kommunar

RS 33/2025 Prosjektskjøn - skjønsmidlar til fornying og innovasjon i kommunane 2026

RS 34/2025 Rettslege rammer for innbyggerpanel etter kommunelova

RS 35/2025 Ein inkluderande kommunepolitikk - hefte frå Norsk Handikapforbund

RS 36/2025 Vedtak om godkjenning av registrering som stiftelse i stiftelsesregisteret - Mongstadbadet, org nr 935 927 331

RS 37/2025 Ny rapport fra Ukom - "Trygg pasientbehandling krever et åpent ytringsklima"

RS 38/2025 Vestlandsrevisjon IKS - Møteutskrift representantskap 20.6.2025

RS 39/2025 Stoppestadnamn i kommunane Bergen, Stryn og Austrheim – endringar vedtekne i fylkeskommunen i januar 2025

RS 40/2025 Protokoll frå styremøte 21.03.2025 - IUA Bergen region KO

RS 41/2025 Protokoll fra styremøte 10. juni 2025 - IUA Bergen region KO

RS 42/2025 Årsrekneskap for stiftinga Lyngheisenteret - signert

OS 4/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 11. september 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

Sak 4/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 11. september 2025
Kommunestyret - 11.09.2025

Handsaming:

Orienteringar til kommunestyret 11. september 2025:

- Dagleg leiar Trine Rønn-Aar og styreleiar Christel Håland frå Aufera var gjester, og hadde ei orientering til kommunestyret. Dei orienterte om dagens situasjon i drifta av Aufera.
- Aufera er ute med ny nettside Aufera AS.

Kommunedirektøren orienterte om følgjande saker:

- Status prosjekt/investeringar, kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte
 - Solen-Førland godt i gang med byggetrinn 1, ser no på byggetrinn 2
 - Kaland barnehage, tilbygg i rute
 - Pumpestasjon Fonnes, jobbar med forprosjekt og prosjektering
 - Avløp Kystlandsbyen, jobbar med ny trasé og prosjektering av denne
- Val av tomt helsetun, kommunalsjef Bjarte Rosenlund og kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte.
 - Siste rapport frå Sweco er presentert for styringsgruppe og referansegruppe, skal velja mellom tomt 1 og 5 som så skal setjast opp mot tomt 4 (dagens tomt).
 - Må diskutera nærare saksgangen med tanke på når saka kjem til kommunestyret
 - Er i gang med skisseprosjekt, her er Sweco engasjert for å finna den beste løysinga uavhengig av kva tomt som blir valt til slutt
 - Som del av skisseprosjektet er ulike brukarar inviterte til å delta 2. oktober for å komma med innspel på kva funksjonar som bør plasserast kvar i bygget
- Terje Håland (Ap) sa som leiar i styringsgruppa at det er vert jobba vidare i gruppa for å komma med innspel på tomteval, mellom anna med eit møte 16. september. Ba om at partia gav innspel til sine folk i Levekårsutvalet.
- Per Lerøy (Ap) viste til at partiet har gjennomført synfaringar på både tomt 1 og 5. Argumenterte for at det er fleire feil i Sweco-rapporten, når det gjeld tomt 5, for

både plassering (lengre aust, der Motorcrossbana er), dagens bruk (stemmer ikkje at det er BMX-bane), og så at vert jobba med andre alternativ for Motorcrossbana om den skal flyttast. Så vidare at det ikkje kan stemma at ein må endra vegtilkomsten, må vera nok å utvida dagens tilkomst til Austrheimhallen/Årås skule, og det må vera mogleg å regulera bruken av denne vegen i byggeperioden med mykje anleggstrafikk. Når det gjeld dette med nedbygging av myr, så er dette myr det er henta ut torv av tidlegare, og trur ikkje det vert lagt strenge restriksjonar på bruken av dette arealet. Når det gjeld bygging i fleire etasjar, må det vera betre for samhandling mellom einingane i institusjonen om ein kan bygga på eitt plan.

- Reidar Ulvøy (Ap) spurte om påløpte kostnader frå konsulentane, og la til at folk i Austrheim må kunna klara å bestemma sjølve kvar eit helse- og omsorgstun skal ligga.
- Reidar Øksnes (Sp) ba om at ein ikkje brukte for mykje tid på lokalisering i denne fasen, men fokuserer på kva ein vil ha av eit slikt bygg, og la til at dersom ein bruker for mykje tid på plassering så dreg det ut med auka kostnader som følgje.
- Sjukefråvær / personal - konstituert kommunedirektør Trine Jansen orienterte om dagens situasjon og kva som er gjennomført. Sjukefråværet har gått ned, og er no lågast i Nordhordland.
- Konstituert kommunedirektør Trine Jansen sa om arbeidet med økonomi:
 - Jobbar med å iverksetta dei tiltaka som er bestemte
 - Kjem tertialrapport og budsjettjusteringar til formannskapet neste veke, torsdag 18/9
 - Jobbar med budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029
 - Må vera budd på utfordringar med reduserte inntekter og auka utgifter, mellom anna ein auke for sosiale utgifter.
- Per Lerøy (Ap) spurte om sosiale utgifter, for kva som kommunen/Nav har gjort for å fleire av dei som ikkje er ute i arbeid, ut i arbeid. Trine Jansen svara at det er faste møtepunkt med Nav der dette blir tatt opp, og at ein jobbar tettare med Nav for å gjera grep for dei som av ulike årsaker er mottakar av sosiale ytingar. Presiserte at det kan gjelda personar frå ulike grupper, kan vera personar i mange ulike situasjonar som kan ha bruk for sosiale ytingar i ein fase av livet.
- Sjur Brandtun (Ap) spurte om det er mange eller få ungdommar i denne runden flyktningar, idrettslaget har ikkje engasjert mange. Jansen svara at det nok er færre ungdommar no.
- Terje Håland (Ap) oppfordra til at det vart lagt fram og vedteke eit budsjettframlegg som heldt seg i løpet av budsjettåret, for å unngå nye kutt i løpet av året,

samstundes som moglege konsekvensar er klargjorte. Konstituert kommunedirektør Jansen svara at det vert jobba med budsjettet, ser ut som det må gjerast harde prioriteringar, men det kan komma auka tildelingar i statsbudsjettet, og som skjønnsmidlar som aukar inntektene.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 4/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 11. september 2025
Kommunestyret - 11.09.2025

Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

OS 5/2025 Orienteringssak - Oversikt godtgjering til dei folkevalde

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskap/kommunestyre tar orienteringa til vitande.

Sak 9/2025 Orienteringssak - Oversikt godtgjering til dei folkevalde
Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Formannskapet diskuterte satsane, det var semje om at det ikkje er aktuelt å gjera endringar på dette no. Låg etter på satsane før arbeidet med auke vart sett i gang.

Morten Sognnes (H) sa at ein har sagt at ein skal ta opp levekårsutvalet til evaluering, det kan skje anten no eller på slutten av perioden.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 9/2025 Orienteringssak - Oversikt godtgjering til dei folkevalde
Formannskapet - 19.08.2025

Formannskap/kommunestyre tar orienteringa til vitande.

Sak 5/2025 Orienteringssak - Oversikt godtgjering til dei folkevalde
Kommunestyret - 11.09.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 5/2025 Orienteringssak - Oversikt godtgjering til dei folkevalde
Kommunestyret - 11.09.2025

Kommunestyret tok orienteringa til vitande.

OS 6/2025 Orientering - arbeidet med å henta inn meir til utlån som startlån

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskap/kommunestyre tar orienteringa til vitande.

Sak 8/2025 Orientering - arbeidet med å henta inn meir til utlån som startlån
Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 8/2025 Orientering - arbeidet med å henta inn meir til utlån som startlån
Formannskapet - 19.08.2025

Formannskap/kommunestyre tar orienteringa til vitande.

Sak 6/2025 Orientering - arbeidet med å henta inn meir til utlån som startlån
Kommunestyret - 11.09.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 6/2025 Orientering - arbeidet med å henta inn meir til utlån som startlån
Kommunestyret - 11.09.2025

Kommunestyret tok orienteringa til vitande.

PS 59/2025 Uttale til "Høyring av endring i plan- og bygningslova - forbod mot nedbygging av myr"

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Uttale

Austrheim kommune meiner at dette lovforslaget er veldig alvorleg for både Austrheim kommune og Alver kommune, men og for regionen Nordhordland og næringslivet i Mongstad-området, om konsekvenser av dette lovforslaget vert at eit forbod mot nedbygging av myr i industri- og næringsområde får verknad for reguleringsplanar vedtatt før forbodet trer i kraft.

Austrheim kommune meiner at godkjente regulerte område til industri og næring må vera unnateke for dette lovforslaget.

Austrheim kommune meiner at eit alternativt lovforslag er at godkjente regulerte industri- og næringsområde, men og uregulerte industri- og næringsområde som er med i eksisterande kommuneplanar i Mongstad-området (som er eit nasjonalt viktig område for vår beredskap og petroleumsindustri) vert unnateke i dette lovforslaget. Dette må gjelde både i Austrheim og Alver kommune.

Sak 70/2025 Uttale til "Høyring av endring i plan- og bygningslova - forbod mot nedbygging av myr"

Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Toft sa at det er må vera aktuelt å komma med ein uttale frå regionen.

Per Lerøy (Ap) viste til at det vert jobba med utvikling av ny industri på området Storemyra mellom Mongstad Base og Equinor sitt raffineri. Lerøy tok til orde for ein meir kraftfull uttale, og at ein tar inn ulike framlegg til avbøtande tiltak dersom ein fjernar myr. Desse avbøtande tiltaka må skildrast, slik at det går klart fram for dei som skal vedta dette, og som eventuelt kan stilla krav om avbøtande tiltak. Lerøy oppmoda til å etablera ei gruppe som kan jobba med ein uttale, gjerne i samarbeid med andre kommunar/regionrådet.

Plansjef Asbjørn Toft støtta Lerøy i at dette bør vera eit regionalt arbeid, men at det gjerne bør gjerast regionalt. Viktig med innspel frå alle kommunane, særleg Gulen og Alver, men også eit felles innspel frå regionen.

Lerøy (Ap) viste til at det er fleire som har interesse her, kommunane, regionen, næringssselskap/næringslaget, grunneigarselskap, som alle kan få konsekvensar av ei slik endring av lova. Oppmoda til at Regionrådet tar føringa på dette arbeidet.

Morten Sognnes (H) sa at ein må ta kontakt med regionrådet for å be om at dei set ned ei gruppe og følgja opp dette.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 70/2025 Uttale til "Høyring av endring i plan- og bygningslova - forbod mot nedbygging av myr"

Formannskapet - 19.08.2025

Uttale frå Austrheim kommune:

Austrheim kommune meiner at dette lovforslaget er veldig alvorleg for både Austrheim kommune og Alver kommune, men og for regionen Nordhordland og næringslivet i Mongstad-området, om konsekvenser av dette lovforslaget vert at eit forbod mot nedbygging av myr i industri- og næringsområde får verknad for reguleringsplanar vedtatt før forbodet trer i kraft.

Austrheim kommune meiner at godkjente regulerte område til industri og næring må vera unnateke for dette lovforslaget.

Austrheim kommune meiner at eit alternativt lovforslag er at godkjente regulerte industri- og næringsområde, men og uregulerte industri- og næringsområde som er med i eksisterande kommuneplanar i Mongstad-området (som er eit nasjonalt viktig område for vår beredskap og petroleumsindustri) vert unnateke i dette lovforslaget. Dette må gjelde både i Austrheim og Alver kommune.

Austrheim sender sitt vedtak som orientering til nabokommunane Alver og Gulen, samt til Regionrådet med oppmoding til å etablera ei arbeidsgruppe, som kan utarbeida eit høyringssvar på vegner av regionen, både kommunar, næringsinteresser og grunneigarar

Sak 59/2025 Uttale til "Høyring av endring i plan- og bygningslova - forbod mot nedbygging av myr"

Kommunestyret - 11.09.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) takka for at administrasjonen har tatt fatt i denne saka. Dette er løfta opp til dei ulike bedriftene i Mongstad-regionen, som vil senda sine uttalar, men saka må også løftast med ein felles uttale frå Region Nordhordland. Om areal som er regulert og investert i vert tilbakeført til verna areal, vil det ikkje ha noko verdi meir. Etterlyser at det vert løfta opp dei avbøtande tiltaka som ein kan gjera for å hindra CO2-lekkasje frå myr, det kan deponerast og dekkast til slik at ein kan stoppa utslepp av CO2.

Frank Erik Øksnes (Uavhengig) supplerte med at den skisserte lovendringa vil få store konsekvensar for bustadutbygging, og støtta elles Per Lerøy (Ap) sitt innlegg.

Ingeborg Lohne Hordvik (Samlingslista), la fram sitt eige framlegg på vegner av lista, og ba om at ein ikkje tar med konkrete område. Samlingslista sitt framlegg til vedtak frå SL i PS 59/25:

Austrheim kommune støttar lovforslaget om forbod mot nedbygging av myr, men meiner at godkjende regulerte område til industri og næring som ikkje er bygde ut, må få unnatak så lenge reguleringsplanen ikkje er forelda. Forbodet må omfatta all myr.

Austrheim sender sitt vedtak som orientering til nabokommunane Alver og Gulen, samt til Regionrådet med oppmoding til å etablera ei arbeidsgruppe, som kan utarbeida eit høyringssvar på vegner av regionen, både kommunar, næringsinteresser og grunneigarar.

Per Lerøy (Ap) sa at dette innspelet frå Samlingslista ikkje tar innover seg at departementet har endra definisjonen av myr, slik at det omfattar nesten alt areal som er i Austrheim.

Plansjef Asbjørn Toft kommenterte at det er lite bustadbygging på myr i Austrheim, det for kostbart å skifta ut masser for bustadbygging, heldigvis ligg mesteparten på fast fjell. Her protesterte varaordførar Per Lerøy (Ap) og sa at det er bygd mykje på myr i Austrheim, og Toft repliserte at det er nye kommande område som ikkje ligg på myr.

Ordførar Morten Sognnes (H) sette dei to framlegget til vedtak opp mot kvarandre:

Handsaming i kommunestyret:

Formannskapet sitt framlegg vart vedteke mot 2 røyster. Dei som røysta mot var Samlingslista sine to representantar, Renee Semmingsen og Ingeborg Lohne Hordvik.

Vedtak i sak 59/2025 Uttale til "Høyring av endring i plan- og bygningslova - forbod mot nedbygging av myr"

Kommunestyret - 11.09.2025

Uttale frå Austrheim kommune:

Austrheim kommune meiner at dette lovforslaget er veldig alvorleg for både Austrheim kommune og Alver kommune, men og for regionen Nordhordland og næringslivet i Mongstad-området, om konsekvenser av dette lovforslaget vert at eit forbod mot

nedbygging av myr i industri- og næringsområde får verknad for reguleringsplanar vedtatt før forbodet trer i kraft.

Austrheim kommune meiner at godkjente regulerte område til industri og næring må vera unnateke for dette lovforslaget.

Austrheim kommune meiner at eit alternativt lovforslag er at godkjente regulerte industri- og næringsområde, men og uregulerte industri- og næringsområde som er med i eksisterande kommuneplanar i Mongstad-området (som er eit nasjonalt viktig område for vår beredskap og petroleumsindustri) vert unnateke i dette lovforslaget. Dette må gjelde både i Austrheim og Alver kommune.

Austrheim sender sitt vedtak som orientering til nabokommunane Alver og Gulen, samt til Regionrådet med oppmoding til å etablera ei arbeidsgruppe, som kan utarbeida eit høyringssvar på vegner av regionen, både kommunar, næringsinteresser og grunneigarar

PS 60/2025 Re-taksering av grunnlag for eigedomsskatt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Austrheim kommune gjennomfører re-taksering av næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. Eigedomsskattelova § 3 første ledd, bokstav D, i løpet av 2026.
- Estimert kostnad kr 300 000 vert dekkja inn over driftsbudsjettet for 2026.
- Nye takstar vert lagt til grunn for utskriving av eigedomsskatt med verknad frå og med skatteåret 2027.

Sak 73/2025 Re-taksering av grunnlag for eigedomsskatt

Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Viste til at dette vedtaket seier at ein opprettheld eigedomsskatten, men ikkje innfører eigedomsskatt på hus og hytter.

- Dei som er med i eigedomsskattenemnda og klagenemnd for eigedomsskatt må rekna med at det er ein del arbeid i nemndene i 2026, i samband med retakseringa av verk og bruk.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 73/2025 Re-taksering av grunnlag for eigedomsskatt

Formannskapet - 19.08.2025

- Austrheim kommune gjennomfører re-taksering av næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. Eigedomsskattelova § 3 første ledd, bokstav D, i løpet av 2026.
- Estimert kostnad kr 300 000 vert dekkja inn over driftsbudsjettet for 2026.
- Nye takstar vert lagt til grunn for utskriving av eigedomsskatt med verknad frå og med skatteåret 2027.

Sak 60/2025 Re-taksering av grunnlag for eigedomsskatt

Kommunestyret - 11.09.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Atle Vaage orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 60/2025 Re-taksering av grunnlag for eigedomsskatt

Kommunestyret - 11.09.2025

- Austrheim kommune gjennomfører re-taksering av næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. Eigedomsskattelova § 3 første ledd, bokstav D, i løpet av 2026.

- Estimert kostnad kr 300 000 vert dekkja inn over driftsbudsjettet for 2026.
- Nye takstar vert lagt til grunn for utskriving av eigedomsskatt med verknad frå og med skatteåret 2027.

PS 61/2025 Skulerute for skuleåret 2025-2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forskrifta om barnehage- og skuleruta for 2025- 2026 for Austrheim kommune vert vedtatt slik den ligg føre.

Sak 74/2025 Skulerute for skuleåret 2025-2026

Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Konstituert kommunedirektør Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Saka handlar om ei stadfesting av det framlegget som er utarbeidd av administrasjonen.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 74/2025 Skulerute for skuleåret 2025-2026

Formannskapet - 19.08.2025

Forskrifta om barnehage- og skuleruta for 2025- 2026 for Austrheim kommune vert vedtatt slik den ligg føre.

Sak 61/2025 Skulerute for skuleåret 2025-2026

Kommunestyret - 11.09.2025

Handsaming:

Konstituert kommunedirektør Trine M. Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 61/2025 Skulerute for skuleåret 2025-2026

Kommunestyret - 11.09.2025

Forskrifta om barnehage- og skuleruta for 2025- 2026 for Austrheim kommune vert vedtatt slik den ligg føre.

PS 62/2025 Godkjenning - Smittevernplan Austrheim kommune 2025
- 2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar Smittevernplan 2025 - 2030 slik den ligg føre.

Sak 31/2025 Godkjenning - Smittevernplan Austrheim kommune 2025 - 2030

Levekårsutvalet - 28.08.2025

Handsaming:

Einingsleiar Helse, Grethe Korsøen, presenterte planen.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 31/2025 Godkjenning - Smittevernplan Austrheim kommune 2025 - 2030
Levekårsutvalet - 28.08.2025

Kommunestyret vedtar Smittevernplan 2025 - 2030 slik den ligg føre.

Sak 62/2025 Godkjenning - Smittevernplan Austrheim kommune 2025 - 2030
Kommunestyret - 11.09.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Renee Semmingsen (Samlingslista) ba om at det vart teke med at ein tilrår at born skal vera heime i 24 timar etter at dei har vore sjuke med Noro-virus. Her svara kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy at det kan ein ta med seg i arbeidet med handlingsplan, dersom kommunestyret ønskjer det.

Monika Thorpe (Ap) sa at dersom ein skal tilrå dette for Noro-virus, så bør ein ta med også andre, og seia at ein har det som eit råd for alle smittsame sjukdommar.

Per Lerøy (Ap) ba om at dersom ein ønskjer dette inn så er det tid nok her til å utsetja saka og be kommuneoverlegen sjå på dette.

Renee Semmingsen (Samlingslista) sa at det er bra at Thorpe (Ap) nemner dei andre sjukdommane, men meiner at Noro-viruset skil seg ut sidan det er så smittsamt. Støtta Lerøy (Ap) sitt framlegg om å spela inn til smittevernlegen at dette kan leggjast ut, utan at ein seier at det skal inn.

Trine Jansen sa at det er OK å ta desse innspela med seg til kommuneoverlegen for å sjå om dette med smittsame sjukdommar er noko å ta med i planen.

Ordførar Morten Sognnes spurte om det var semje om å utsetja saka.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for å utsetja saka.

Vedtak i sak 62/2025 Godkjenning - Smittevernplan Austrheim kommune 2025 - 2030
Kommunestyret - 11.09.2025

Saka vert utsett, og kjem tilbake til kommunestyret

PS 63/2025 Låneopptak investering

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet vedtek eit låneopptak på 20 millionar til å finansierte investeringar som er gjort i 2024 og 2025.

Sak 72/2025 Låneopptak investering
Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 72/2025 Låneopptak investering
Formannskapet - 19.08.2025

Formannskapet vedtek eit låneopptak på 20 millionar til å finansierte investeringar som er gjort i 2024 og 2025.

Sak 63/2025 Låneopptak investering

Kommunestyret - 11.09.2025

Handsaming:

Konstituert kommunedirektør Trine Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at ein må slutta med å basera investeringar på eigedomssal, det er frykteleg dumt når ein no står her og ikkje har fått selt eigedommen.

Reidar Ulvøy (Ap) ba om at dersom det skulle takast opp eit slikt lån, må det gjerast ei berekning på kva dette vil bety økonomisk før ein gjer det.

Per Lerøy (Ap) viste til at slik situasjonen er i dag kjem ein nok ikkje unna å ta opp dette lånet. La til at situasjonen ikkje berre kjem av manglande sal av eigedom, men også auka kostnader til ulike prosjekt som til dømes vatn til Solend/Førland

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 63/2025 Låneopptak investering

Kommunestyret - 11.09.2025

Kommunestyret vedtek eit låneopptak på 20 millionar til å finansiere investeringar som er gjort i 2024 og 2025.

PS 64/2025 Val av medlemmer til Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt
- frå 1.1.2026

Valutvalet si tilråding til vedtak:

Medlemmer valde for perioden 2026 - 2029	Vara valde for perioden 2026 - 2029
Hardy Pedersen (Ap)	Ingeborg Hordvik (SL)
Medlemmer valde for perioden 2023 - 2027	Vara valde for perioden 2023 - 2027
Kari Anne Fadnes (Uavhengig, tidlegare INP)	Dag Arne Solberg (H)
Ådne Utkilen (SL)	Anette Kaland (Ap)
For perioden 2026 - 2029	For perioden 2023 - 2027
Leiar: Hardy Pedersen	Nestleiar: Ådne Utkilen (SL)

Sak 64/2025 Val av medlemmer til Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt - frå 1.1.2026
Kommunestyret - 11.09.2025

Handsaming:

Aslak Andre Bakke (H) orienterte om saka, som leiar i valutvalet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret.

Samrøystes for valutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 64/2025 Val av medlemmer til Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt - frå
1.1.2026
Kommunestyret - 11.09.2025

Valutvalet si tilråding til vedtak:

Medlemmer valde for perioden 2026 - 2029	Vara valde for perioden 2026 - 2029
Hardy Pedersen (Ap)	Ingeborg Hordvik (SL)
Medlemmer valde for perioden 2023 - 2027	Vara valde for perioden 2023 - 2027
Kari Anne Fadnes (Uavhengig, tidlegare INP)	Dag Arne Solberg (H)
Ådne Utkilen (SL)	Anette Kaland (Ap)
For perioden 2026 - 2029	For perioden 2023 - 2027
Leiar: Hardy Pedersen	Nestleiar: Ådne Utkilen (SL)

PS 65/2025 Val av medlemmer til Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt - frå 1.1.2026

Valutvalet si innstilling:

Medlemmer for perioden 2026 - 2029	Vara for perioden 2026 - 2029
Gro Kaland (Sp)	Frank Erik Øksnes (Uavhengig, tidlegare INP)
Kristoffer Myklebusthaug (H)	Harald Lundal (H)
Ole Moen (Samlingslista)	Monika Thorpe (Ap)
Medlemmer valde for perioden 2023 - 2027	Vara valde for perioden 2023 - 2027
Reidar Ulvøy (Ap)	Kristian Semmingsen Lerøy (AP)
Aslak André Bakke (H)	Lisbeth Oen (Uavhengig, tidlegare INP)
Lise Renate Helle (Sp)	Per-Kristian Løvmo (Sp)
Leiar for perioden 2026-2029	Nestleiar for perioden 2023-2027
Leiar: (kommunestyret vel leiar)	Nestleiar: Reidar Ulvøy

Sak 65/2025 Val av medlemmer til Felles sakkunnig klagenemnd for egedomsskatt - frå 1.1.2026

Kommunestyret - 11.09.2025

Handsaming:

Aslak Andre Bakke (H) orienterte om saka, som leiar i valutvalet.

- Ei endring, der Tore Svendsen skal inn for Ole Moen.
- Kristoffer Myklebusthaug innstilt som leiar

Ordførar Morten Sognes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret.

Samrøystes for valutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 65/2025 Val av medlemmer til Felles sakkunnig klagenemnd for egedomsskatt - frå 1.1.2026

Kommunestyret - 11.09.2025

Valutvalet si innstilling:

Medlemmer for perioden 2026 - 2029

Gro Kaland (Sp)

Kristoffer Myklebusthaug (H)

Tore Svendsen (Samlingslista)

Medlemmer valde for perioden 2023 - 2027

Reidar Ulvøy (Ap)

Aslak André Bakke (H)

Lise Renate Helle (Sp)

Leiar for perioden 2026-2029

Leiar: Kristoffer Myklebusthaug (H)

Vara for perioden 2026 - 2029

Frank Erik Øksnes (Uavhengig, tidlegare INP)

Harald Lundal (H)

Monika Thorpe (Ap)

Vara valde for perioden 2023 - 2027

Kristian Semmingsen Lerøy (AP)

Lisbeth Oen (Uavhengig, tidlegare INP)

Per-Kristian Løvmo (Sp)

Nestleiar for perioden 2023-2027

Nestleiar: Reidar Ulvøy (Ap)

PS 66/2025 Val av kontrollutval - skifte av eitt medlem

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vel nytt kontrollutval, for resten av perioden 2023 til 2027:

Fast representant: Vararepresentant som er personleg vara:

Jan Erik Espelid (SL) - leiar Tore Svendsen (SL)

(Ap kjem med kandidat i møtet) - nestleiar Kristian Semmingsen Lerøy (Ap)

Therese Vik (INP) Kari Anne Fadnes (INP)

Joakim Haglund (Sp) Inger Turid Øksnes (Sp)

Odd-Marthin Totland (H) Stig Anders Totland (H)

Sak 66/2025 Val av kontrollutval - skifte av eitt medlem

Kommunestyret - 11.09.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- I denne saka var Sjur Brandtun (Ap) ugild, og gjekk frå under handsaminga.
- Ap har føreslege Sjur Brandtun som nytt medlem og nestleiar.

Renee Semmingsen (Samlingslista) sa at det nye medlemmet kanskje ikkje burde gå rett inn som nestleiar.

Terje Håland (Ap) sa at det er heilt problemfritt at Sjur Brandtun går inn som nestleiar, Dette løyser også at fordelinga av verva blir som no, der partia som er i posisjon har leiaren, og opposisjonen har nestleiaren.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Eit samrøystes kommunestyre (minust Sjur Brandtun som var ugild), vedtok å gje Britt Skaalevik Lerøy permisjon frå kontrollutvalet, og å setta inn Sjur Brandtun som fast medlem og nestleiar.

Vedtak i sak 66/2025 Val av kontrollutval - skifte av eitt medlem

Kommunestyret - 11.09.2025

Kommunestyret vel nytt kontrollutval, for resten av perioden 2023 til 2027:

Fast representant: Vararepresentant som er personleg vara:

Jan Erik Espelid (SL) - leiar Tore Svendsen (SL)

Sjur Brandtun (Ap) - nestleiar Kristian Semmingsen Lerøy (Ap)

Therese Vik (INP) Kari Anne Fadnes (INP)

Joakim Haglund (Sp) Inger Turid Øksnes (Sp)

Odd-Marthin Totland (H) Stig Anders Totland (H)

PS 67/2025 Tilsetting av ny kommunedirektør

Tingingsutvalet sitt framlegg til vedtak:

Britt M. Skaalevik Lerøy vert tilsett som kommunedirektør i Austrheim kommune, med oppstart 15. september 2025. Detaljar kring arbeidsavtalen vert delegert til tingingsutvalet (formannskapet) ved ordføraren.

Sak 67/2025 Tilsetting av ny kommunedirektør

Kommunestyret - 11.09.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for tingingsutvalet sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 67/2025 Tilsetting av ny kommunedirektør

Kommunestyret - 11.09.2025

Britt Mary Skaalevik Lerøy vert tilsett som kommunedirektør i Austrheim kommune, med oppstart 15. september 2025. Detaljar kring arbeidsavtalen vert delegert til tingingsutvalet (formannskapet) ved ordføraren.